

toko þau þá höndum saman Eiríkr bondi Guðrunar (ok) Hallólora kona Orms, ok fáttaði þá Eiríkr sálu Guðrunar ok kaupi Orms.

Umsetjing: Av di at Eirik, mannen hennar Guðrun, ikkje var tilstadar ved denne handelen, kom dei alle saman andre gongen i loftet hjaa herre Erling i Hildegarden, og tok dei daa kvarandre i handi, Eirik mannen hennar Guðrun, og Hal-dora kona hans Orm, og samtykte daa Eirik i salet som Guðrun, og kaupet som Orm (hadde gjort). (Or det norske diplomatarium).

Sudvestnorsk IIB (islandsk noko etter 1300):
Nú at bændr ok alþýða viti sík því skyldugari til hollustu ok þeguskyldu ok lýðni við konung, þáa skulu þeir . . . eid sverja konungi.

Umsetjing: At bønder og aalmuge kann kjenna seg des-meir skyldige til hyllest og undersaatsplikt og lydnað mot kongen, daa skal dei sverja kongen eid. (Or Jónsbók).

I den eldste tid møter me berre maalføre — reine eller blanda — i skrifti. Men omkring 1300 kjem der fram i kongebrevi *eit norsk riksmaal*, bygt paa trøndsk med ein svip av vestlandsk, og som kanskje hev vore hirdmaal. Denne skrive-maaten tok daa aalmenningen her i landet mykje etter, medan islendingen heldt meir fram i den gamle stemna og skreiv sitt eige maalføre.

Etter 1319 var Norig sambunde med Sverike. Ei svensk baara kjem inn yver landet, og slær lag med eit sterkt straumdrag fraa Vest-Europa, som Norig lenge hadde havt samferdsl med. Alt dette gjev maalføri her heime ei stemna so ulik denleidi det islandske maalføret gjekk i, at det alt fyre 1350 er audsynt at *norsken* i det heile vilde fylgja ein annan veg enn *islandsken*.

4. Den millomnorske tidi (1350—1525).

Dette tidebilet var i det heile ei nedgangstid for Norig. Daa det byrja, laag landet herja av den *store mandauden*, baade heimlandet og skatt-